



Kulturlandskapsprisen 2015 til Arnfinn og Iris Westerås, Geiranger

Westerås er eit utstillingsvindauge for kulturlandskapsarbeidet i Geirangerbygda. Både tidlegare generasjonar og drivarane i dag har utført gards-og kulturlandskapsarbeidet på ein uvanleg pietetsfull måte som det står stor respekt av, både i og utanfor bygda.

Westerås, 320 m over havet, ligg i randsona til Geiranger – Herdalen landskapsvernområde og innafor verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Garden er brattlendt og areala svært tungdrive. Utanom dei avtalar som er inngått om skjøtsel av areal og beiting i verdsarvsamanheng er det også inngått skjøtselsavtalar for spesielle slåtttemarker med eit stort biologisk mangfald. Arnfinn og Iris har vidareført det store kulturlandskapsarbeidet som Per og Magnhild (foreldra til Arnfinn) har drive tidlegare.

Dei gamle bygningane på Westerås vert tekne godt vare på, og det er utvikla ny næring på garden . Restaurant er bygd i den gamle låven og i år er det laga ny uteplass i tilknytning til restauranten. Kjøkkenet på låverestauranten skorar høgt m.o.t kundetilfredsheit. Utleige av hytter og leilegheiter i sommarseasonen er populært. Utsikta over bygda og fjorden er mektig og Westerås er eit fint utgangspunkt for mange turar.

Arnfinn og Iris gjer eit viktig arbeid med kunnskapsformidling. Dette gjeld både i TV- og radioprogram, intervju og oppslag i aviser og tidsskrift og ikkje minst i direkte kontakt med gjester på garden. Det er svært viktig å setje fokus på kva for arbeid og innsats som ligg bak det å halde kulturlandskapet i eit så utfordrande terreng i god hevd.

Eigarane er opptekne av miljøverdiar og det vert no arbeidd med å få sett opp ladestasjon for el-bilar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deler årleg ut ein kulturlandskapspris til grunneigarar eller lag som markerer seg på ein positiv måte i arbeidet med kulturlandskapet. Arnfinn og Iris er ein verdige vinnarar av kulturlandskapsprisen 2015, ein pris på 10.000 kr, eit kunstverk og diplom.